

## **1. Tiltak K1 Nasjonalt utviklingsprosjekt i fylkeskommunar og kommunar.**

Møre og Romsdal blei i 2009 peikt ut som pilotfylke for universell utforming og er i dag eit av 13 pilotfylke som er med i tiltaket. Føremålet med satsinga på pilotfylke er blant anna å sette i verk og nå nasjonale mål i Regjeringa sin handlingsplan "*Norge universelt utformet 2025*", der det står at tiltaket skal særleg vere med på å implementere universell utforming i regional- og kommunal verksemd.

Møre og Romsdal fylke har med sine 36 kommunar gode moglegheiter til å skape meirverdi innan universell utforming. Gjennom ulike prosjekt har vi arbeidd for å auke den faglege kompetansen i forhold til universell utforming, både lokalt og regionalt.

## **2. Organisering og forankring**

Søknaden om å bli pilotfylke var eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune, då desse var organisert som einskapsfylke på søknadstidspunktet. Prosjektleiaren har hatt 50 % stilling prosjektet i åra 2010-2011 og 70 % i 2012.

Fylkesutvalet har vore oppdragsgjevar og ansvarleg for å sikre politisk eigarskap, forankring og legitimitet til prosjektet. Styringsgruppa har vore samansett av prosjekteigarane. Leiaren for styringsgruppa har vore assisterande fylkesrådmann i Møre og Romsdal fylkeskommune. Frå hausten 2011 har fylkeslegen vore fylkesmannen sin representant i styringsgruppa. Prosjektleiaren har fungert som sekretær og bindeledd mellom styringsgruppa og prosjektgruppa.

Prosjektgruppa har endra storleik undervegs i prosjektet og den hadde i 2012 ni faste administrative representantar, kor seks var frå fylkeskommunen og tre frå fylkesmannen. Prosjektgruppa har hatt møte kvar månad gjennom året. Brukarorganisasjonane og dei fylkeskommunale råda har vore sentrale partar i referansegruppa og dei har vore aktivt nytta i nokre tiltak.

### **3. Metode**

Iverksettinga av Møre og Romsdal sin handlingsplan følgjer sektoransvarsprinsippet. I prosjektperioden har vi arbeidd ut frå ein fireårig prosjektplan, med seks satsingsområde. Ut frå denne har det blitt utarbeidd årlege handlingsplanar med ulike tiltak. Tiltaka er det arbeidd med i dei respektive avdelingane, medlemmane i prosjektgruppa har vore prosjektgruppa sitt bindeledd til avdelingane. Den enkelte medlem i prosjektgruppa har vore ansvarleg for kontakt med samarbeidspartnarar, for å følgje opp framdriftsplanen og for statusrapporteringa innanfor sine ansvars- og satsingsområde.

Prosjektleiari har hatt ansvaret for den overordna framdrifta i prosjektet.

### **4. Oppnådde resultat**

Nedanfor følgjer våre resultat i høve til K1-tiltaket sine hovudmål:

#### **4.1 "Integrere universell utforming i regional virksomhet og være forbilde for fylker og kommuner"**

Våren 2012 samla fylkeskommunale råd og utval og administrasjonen i fylkeskommunen seg for å diskutere universell utforming og likestilling. Kvar avdeling i fylkeskommunen vart utfordra til å seie litt om korleis deira avdeling arbeider med desse feltene. For eksempel presenterte fylkestannlegen ei kartlegging om status på universell utforming for tannklinikane i Møre og Romsdal. Resultata viser at det fortsatt er ein del manglar.

I høve til resultatmål 2 i regional handlingsplan, har alle avdelingar i fylkeskommunen og hos fylkesmannen fått tilbod om eit kompetansehevande foredrag om universell utforming. Fire avdelingar i fylkeskommunen takka ja til dette.

Det er vidare innført krav om universell utforming ved tildeling av statlege tildelte midlar, regionale utviklingsmidlar og fylkeskommunale fond. Universell utforming er også sterkt vektlagt i samband med fordeling av spelemidlane. Dette for å sikre universell utforming av friluftsanlegg ute i kommunane best mogleg.

I Fylkesplan 2013-2016, vedtatt 11.12.12, er universell utforming eitt av seks gjennomgåande perspektiv. Dei gjennomgåande perspektiva skal medverke til

heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda. Til kvart av perspektiva er det utforma eit resultatmål.

For universell utforming er følgjande resultatmål vedtatt: "Legge til rette for ferdsel, bruk og deltaking for alle, ved at universell utforming skal vere eit viktig vurderingskriterium i alle planar og tiltak". Det er under utarbeiding ein rettleiar for korleis vi skal sette i verk resultatmåla for dei seks gjennomgåande perspektiva. Det er ei målsetting at rettleiaren også skal nyttast av kommunane.

Samferdsel er eit sentralt satsingsområde i Møre og Romsdal. Våren 2012 gjennomførte Norges Blindeforbund og Norges Handikapforbund ei kartlegging av terminalar- og ilandstigingsanlegg for hurtigbåt, samt haldeplassar for buss langs timeekspress-traseen i fylket. Kartlegginga viste at det er ein del manglar ved desse anlegga. Resultata frå kartlegginga vil ligge til grunn ved berekning av investeringsbehov og ved oppgradering av anlegg framover.

#### **4.2. "Bistå kommunene innenfor eget fylke til å bli gode på universell utforming"**

I Møre og Romsdal er det etablert tre pilotkommunar; Ålesund, Molde og Kristiansund. Nedanfor blir noko av deira arbeid i 2012 presentert.

Ålesund har tatt del i eit eksisterande utbyggingsprosjekt i kommunen, der ei sentral gate i Ålesund sentrum skal utbetrast. Det er mellom anna ønskeleg å sikre universell utforming gjennom forbetringar av gatesnittet, til dømes fortau og inngangar til butikkar, gatekryss og fotgjengarovergangar. Ålesund kommune har også, i samarbeid med Team kommunikasjon, utarbeidd tre sjekklister for å kartlegge tilgjenge til hotell, serveringsstader og butikkar i Ålesund. Informasjonen skal etterkvart bli ein del av ein ny nettstad som skal vise tilgjenge i bysentrum. Nettstaden er under utarbeiding.



I april 2012

inviterte eininga

“Virksomhet for plan og bygning” i Ålesund kommune til ein halv dags opplæring i universell utforming. Det var deltakarar frå både administrativt og politiske nivå. Deltakarane fekk ein gjennomgang av prosjektet “Ålesund som pilotkommune for universell utforming”, lover og retningslinjer, TEK 10 samt erfaringar frå arbeidet med universell utforming. I tillegg vart alle invitert ut i gater og byrom med svaksyntbriller, rullestol og trillekofferter for å oppleve dei utfordringar rørslehemma opplever i byen.

Molde kommune har laga ein brosjyre/sjekkliste for å kartlegge tilgjenge i sentrum. Brosjyren er distribuert til alle medlemmane i sentrumsforeininga i Molde (Molde Sentrum). Dette svarar til nærare 120 verksemder i byen. I samband med utsendinga har dei laga eit elektronisk svarskjema der verksemdene kan melde tilbake om dei har gått gjennom sjekklista, kor mange av kontrollpunkta som var ok, om dei har gjennomført spesielle tiltak eller om dei har planar om framtidige tiltak. Kommunen planlegg å følge opp dette arbeidet med eit møte for Molde Sentrum.

Eitt av tiltaka i pilotfylket sin handlingsplan for 2012, var å gjennomføre K5-samlingar ute i kommunane. I løpet av februar/mars 2012 vart det arrangert samlingar i Kristiansund, Molde og Ulstein kommunar. Ei planlagt samling i Ålesund måtte avlysast grunna sjukdom. I alt deltok 139 kommunalt tilsette, politikarar og private aktørar frå 14 ulike kommunar på samlingane.



Under samlingane vart modul 1, 2, 3 og 5 frå kompetanseprogrammet presentert. I tillegg hadde Husbanken Midt-Norge innlegg om utfordringane med eksisterande bustader og velferdsteknologi. På kvar samling inviterte vi med og fikk presentert lokale eksempel på universell utformingsarbeid i kommunen.

Eit enkelt evalueringsskjema vart sendt ut til alle deltakarane i etterkant. Ut i frå svara kan vi sjå at dei fleste er middels til godt nøgd med det faglege innhaldet og det personlege utbyttet av samlingane.

#### **4.3. “Være dialogpartner og bidragsyter i det nasjonale arbeidet for universell utforming ved å ta initiativ og medvirke i ulike nettverk og samarbeidsfora”**

På nettsida morotur.no er det no registrert over 450 turar, der alle er gradert etter tilgjenge. Innovativ fjellturisme har som prosjektleiarar utarbeidd ein skiltmal for turløyper. Møre og Romsdal fylkeskommune har deltatt i dette

arbeidet. Vi oppfordrar kommunane til å bruke malen og søker å implementere den gjennom skiltprosjektet.

#### **4.4. "Initiere og delta i delprosjekter sammen med kommuner, nasjonale og/eller regionale kompetansemiljøer"**

Hausten 2012 var vi medarrangør for to konferansar; ein nasjonal og ein regional. I samarbeid med Rogaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar var vi i programkomiteen til årets Deltakonferanse. Konferansen vart arrangert på Rica Seilet Hotel i Molde. Tema for Delta-konferansen var "*Universell utforming innan maritim kollektivtransport*". Konferansen sette søkelys på mellom anna kva universell utforming er og betyr innanfor maritim sjøtransport, der både brukarar, reiarlag og verftsindustrien vart utfordra. I tillegg til tradisjonelle foredrag og stands, vart det gjennomført synfaring og tur med Hurtigruta frå Kristiansund til Molde. Konferansedeltakarane fekk også moglegheit til synfaring på lokale ferjer. I alt deltok 110 personer på konferansen. Den regionale konferansen "*Kan vi ha universell utforming heile året?*" vart arrangert i Trondheim. Tema var universell utforming og drift og vedlikehald av vegar og uteområde.

Saman med *Ålesund sentrumsforening* deltok pilotfylkeprosjektet under Ungt Entreprenørskap sin Gründer Camp på Høgskulen i Ålesund i april. Her vart aktuelle problemstillingar om universell utforming diskutert på tvers av sjukepleie- og ingeniørutdanningane. Dette var ein særskild viktig arena å presentere universell utforming på. Eitt av oppdraga studentane arbeidde med var følgjande: "*Er Ålesund sentrum tilgjengelig nok for alle? Vel eit område eller ein aktivitet som treng å bli meir tilgjengeleg. Foreslå gjerne ny aktivisering av byrommet.*"

#### **4.5. Aktiv og utadretta kunnskaps- og resultatformidling.**

Nettsida til pilotfylkeprosjektet blir nytta jamleg. Her blir også prosjektplanen for prosjektperioden og dei årlige handlingsplanane lagt ut.

Pilotfylkeprosjektet vart presentert i magasinet "Rom for alle-universell utforming". Vi la vekt på å presentere satsingane våre på friluftsliv, byrom og kommunesentra.

### **5. Økonomi**

Pilotfylkeprosjektet har i 2012 nytta økonomiske midlar frå fylkeskommunen og det årlege tilsagnet på kr 250 000 frå Miljøverndepartementet til lønn og tiltak jf.

handlingsplan 2012. Pengane er nytta til K5-samlingar, konferansar, trykkmateriale, møte og lønn til prosjektleiar.

## **6. Gevinstrealisering**

Prosjektet har gjeve gevinst både i eiga verksemd og ute i kommunane. Avdelingane i fylkeskommunen har blitt meir bevisste på arbeidet sitt med universell utforming og aktiviteten ute i kommunane er aukande.